



**SØKNAD OM KOMMUNAL SKYSS TIL / FRÅ GRUNNSKULEN VED SÆRLEG FARLEG ELLER VANSKELEG SKULEVEG SOM IKKJE BLIR DEKKA AV RETTEN TIL GRATIS SKULESKYSS I OPPLÆRINGSLOVA (4/2KM).**

Kommunen har vedtaksmynde ved skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg når avstand til skulen er under 2 km for elevar på 1.trinn og under 4 km for elevar på 2.- 4. trinn. Elles er det Fylkeskommunen som i følgje opplæringslova er ansvarleg for skuleskyss for elevar i grunnskulen og har vedtaksmynde i slike saker.

Søknad om kommunal skuleskyss gjeld normalt for eitt skuleår om gongen. Dette medfører at dei fleste elevar må søkje om skyss kvart skuleår. Søknadsfristen er 15.februar kvart år. Søknaden skal leverast til skulen.

**SÆRLEG TRAFIKKFARLEG VEG:**

Skulevegen vert rekna som den kortaste færbare strekninga mellom heimen og skulen langs brøytt veg og gang- og sykkelsti.

Opplæringslova viser til tilstanden på skulevegen, klima, trafikktilhøve på strekninga og tilhøve knytt til den enkelte eleven som grunnlag for å vurdere om ein veg skal reknast for å vere særleg farleg eller vanskeleg. Definisjonen på ein farleg veg er at tilstanden kan auke risikoen for ulukker sjølv om normer og reglar blir følgde, og at dette krev at trafikantane gjer noko ekstra for å sikre seg sjølv og andre rundt seg. Særleg farleg eller vanskeleg veg må sjåast i samanheng med dette, og blir definert av ein risiko som overgår normal fare ved å vere i trafikkbiletet (jf. UDIR-3.2009, kapittel 12). Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg inneber at vegtilhøve eller tilhøve ved den enkelte eleven gjer at eleven ikkje har dei fysiske eller kognitive evnene som er nødvendige for å ferdast trygt langs vegen.

